Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10. Fylke: Sör-Tröndelag.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Oppdal

Emne: Lynging og masing. Bygdelag:

Oppskr. av: Ola J. Rise. (71 år) (Gardar: Stubban, Nordskogen, og Mjåen midtbygda.

(adresse): Mjåen, Oppdal p.o. G.nr. Br.nr.

A. ~~Merk av om~~ oppskrifta er mest etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. A. Lynging.

1. Det har kanskje vore rivi t.d. heslyng (Calluna vulgaris) i nokre få einskilde år; men noko fast tid kjenner ein ikkje her no. Det er longe slutt. Og ikkje mange nytta slik foring under siste verdskrigen det ein veit. Det har visst ikkje vore halde for noko godt fôr.

B. Lyng som beite.

1. Sume stader i bygda t.d. på Nordskogen kan ein sleppe krytyra ut før grasbeitet har kome. Og da et dei mjälberlyng (Arctostaphylos ŭva ŭrsi) og annan lyng som hjelpeforing i vårknipa.

2. Både mjälkekyr og ungnaut.

3. Nok så vanleg enno nokre få stader i seine vårar.

4. Å nei.

II. Masing.

1. Så seint som for eit halvt hundre år sia var det vanleg at svært mange

2112

på større gardar i bygda og dreiv med måsåtaking. Frå oppe på Doorefjellet vart det sanka og heimkøyrt ei mengd med måså til Oppdal. Etter den tida har det vorte mindre med bruk av måså; men sume driv noko med det enno.

2. Litt meir enn det no er vanleg var måså nytta sume år under siste verdskrigen.

3. Helst måtte måsån takast når han var våt.

4. Det var vel serleg karane som fór til måsåfjellet. Var „måsåtaket" for langt unda heime låg dei på setrene, eller dei kunne ha steinhyttor til å krype inni for natta (kring 1890).

5. Den reidskapen ein veit om no er ei rive med etter måten stutt skaft og stutt „hau" (Hovud). Det siste var serleg av bjørk og med flate jørntindar i vanleg rivetind-lengd, tilsmidd og innslege så pass varme at ein kunne kråkje øverenden over vedhovudet.



Denne riva kalla dei „måsåhark". Same riva var, i den tida eg var med

2112

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

på dette arbeidet. nytta både til å
„kast" måsån laüs og saman i
små düngar med. og likeins til å
raka han ~~saman~~ opp i fatet (korga).

6. Det vart sett lass oppe på fjellet.

7. I haügar velt på eit ünderlag
av fjellris t.d. for at lassa, som gjerne
ville fryse fast, lettare kunne løysast
frå marka og veltast på sida, når
ein skulle lesse dei på langslede
og køyre dei heim. om vinteren.
(Til å bryte laüst og reise opp lasset
med laüt ein ha ein „rank" (sterk
trestake) eller ein jönnstaür).

Dei små haügane, som var „kasta"
opp vart samla i måsåfatet
 som var fletta ihop av
kløyvte bjørkteinar (lik „gjørsveie"
til laggakopp) og med staüras,
lange nok til å få handtak.
Til eit lass gjekk det vanleg 9—12
„fat". Større haügar kjenner eg ikkje
til at det vanleg vart ihopsett her.
Det kunne, ved høve, bli lagt ei bicske
på langs over lasset og så pålagt
steinar for at vinden ikkje skulle
få tak til å rive laüst noko av

2112

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

av mosen; serleg om han var törr,
men òg elles. Måsån vart
trakka eller klemt ihop ùnder laginga
av lasset. Og så skar ein namnmerke
i ein liten trestake og sette oppå.
- Det vart lagt to-tri leuskor på
hvar side av lasset, når ein skulle
köyre det heim. Ein kånne òg nytte
„tuggü"  (som til höyköyring)
og gjörde lasset, med slike „tuggü"
på tverrendane, på langs.

8. Vart helst köyrt heim om hausten,
9. og elles når det (som regel) var
lagleg for sams vegbröyting og
köyring av fleire i lag.

10. Lassa vart helst reist opp attmed
hüsa, og måsån etter kvart hogd
eller bröte laüs i klattar eller
„fangå"(n) og bore inn i fjöset
til opptining för han vart gjeve ät

11. kryterom, veistnok utan blanding
av noko slag onnor foring. (Nytting
av hestmökk er det, så veit ein vat,
slett med for lenge sia).

12. Måså var halde for å vera like godt
som anna „bjergj" (bergingsfór, skoghöy eller anna).

Annen mose: 1. og 2. Ukjent no.

2112
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING